

Hardanger Sykkelklubb og KBT har gleda av å invitere deg til NC 3 (kat. UCI C1) og NM i Norheimsund, midt i vakre Hardanger. Dette blir det første frittstående internasjonale trialrittet i norsk historie, og me har allereie påmeldte frå utlandet.

1. STAD

KBT Trialarena ligg i Norheimsund, på grusbanen på Haugamyrane. Følgje skilting frå sentrum.

Arenaen ligg omlag 800 m frå sentrum og alle dei fasilitetane ein finn der (inkl. hotell).

Adresse: Haugamyrvegen 85, 5600 Norheimsund.

GPS-koordinatar: 60.368027, 6.141021

2. KLASSAR

Nybyrjar (grøn), kvinner open (grøn) vidarekomen (blå), ekspert (raud) og elite 20"/26" (gul), elite kvinner (blå), elite open (kun for internasjonale utøvarar på NM). Ein vel klasse på bakgrunn av eige nivå.

Valfri hjulstorleik i alle klassar, men på NC 3 vil det verta klassifiseringar for kvar hjulstorleik iht. UCI sitt rankingsystem (konkurrerer parallelt, men blir klassifisert individuelt).

3. LISENS

Heilårslisens, mogleg med eingongslisens for alle klassar utanom elite. Eingongslisensen kostar frå kr. 50,- til 150,-, avhengig av alder (gratis for dei under 12 år). Betaling med kort eller kontant (helst kort).

Heilårslisensen **må** visast fram ved registrering.

Anbefaler alle å løyse heilårslisens, dette koster fra kr. 0,- til 800,- avhengig av alder og dekningsgrad. Med heilårslisens har du forsikring under all trening og alle ritt heile året.

4. SEKSJONAR OG RUNDAR

Fem seksjonar og tre rundar for alle klassar.

Seksjonane må syklast i kronologisk rekkjefølgje, frå 1-5.

Nytt poengkort kvar runde.

5. TOTALTID OG RESTTID

1 time og 30 minutt totaltid med 30 minutt resttid. Totaltida kan bli utvida undervegs eller rett før rittstart, avhengig av antall startande (fleire startande = lengre totaltid).

6. STARTTID

Fredag 24. juni (NC 3):

Start nybyrjarar, kvinner open, og vidarekomne: kl. 17:00 (alle)

Start ekspert, elite kvinner og elite: kl. 18:45 (alle)

NC 3: Alle startar samstundes i kvar gruppe.

Laurdag 25. juni (NM):

Start nybyrjarar, kvinner open, og vidarekomne: kl. 12:00 (første startande)

Start ekspert, elite kvinner og elite: kl. 14:00 (første startande)

NM: Det blir intervallstart i kvar gruppe. Nøyaktige starttider vert publisert i sekretariatet rett før rittstart.

Oppvarming på eige område.

7. DELTAKARMØTE

Fredag 24. juni kl. 16:50 ved sekretariatet.

Laurdag 25. juni kl: 11:50 ved sekretariatet.

Obligatorisk for alle deltakarar.

8. BESIKTING

Besikting til fots fram til start begge dagar.

Vis hensyn fredag natt/laurdag morgon for ombygging av seksjonane til NM. Takk!

9. RITTLEIAR/TEKNISK DELEGAT

Rittleiar/TD: Vegard Fosse (Hardanger SK)

10. SEKSJONSBYGGJARAR

Bernt Kristiansen (arenaansvarleg), Eirik Ulltang og Knut Fosse (Alle Hardanger SK).

11. SANITET

Sanitet vil vere til stades.

12. REGLEMENT

Konkurransen følger NCF og UCI sitt offisielle reglement for trialsykling. Hjelm er påbode, hanskar og leggbeskyttarar er anbefalt.

13. PREMIAR

Premieutdeling etter Norges Cykleforbunds retningslinjer rett etter rittet (når siste deltakar er ferdig).

Pengepremiering til elite herrar i NC 3 og NM.

14. REGISTRERING

Registrering for begge ritt frå kl. 16:00 til kl. 16:30 fredag 24. juni (brukar same startnr. for begge ritt).

Registrering for NM frå kl. 11:00 til kl. 11:30 laurdag 25. juni.

15. PÅMELDING

Påmelding:

Gå til <http://nm.biketrial.no> (uten www). Trykk på "Meld deg på!" i menyen. Fyll ut alle felt, og du er med.

Startavgifter:

- Påmelding online innan 1. juni kl. 23:59: kr. 199,- per ritt/kr. 349,- for begge ritt.
- Påmelding etter 1. juni og fram til torsdag 23. juni kl. 23:59: kr. 299,- per ritt/kr. 549,- for begge ritt.
- Påmelding på arena rittdagen: kr. 349,- per ritt/kr. 649,- for begge ritt.

Familierabatt: Syster eller bror får kr. 50,- i rabatt.

Kort eller kontant betaling ved registrering (helst kort).

16. PARKERING

Gode høve for parkering ved arena.

17. KONTAKT

Eirik Ulltang, organisator; +47 970 22 728 / eirik@biketrial.no

18. OVERNATTING

Sjå <http://nm.biketrial.no> > Overnatting . Blir oppdatert med fleire alternativ etterkvart.

NCFs kvalitetsløfte!

Norges Cykleforbund ønsker at du som deltager skal være trygg på at rittene du deltar på skal være trygge og følge en forholdsmessig kvalitet. Vi ønsker at du som deltager skal vite hva du kan forholde deg til og hva du får som deltager på vårt ritt.

Arrangør	Rittets arrangør er Hardanger SK som er tilsluttet Norges Cykleforbund (NCF) og NIF.
Forsikringer	Rittet er terminlistefestet, noe som betyr at rittets arrangør har ansvarsforsikring gjennom NCF/NIF og du som utøver er forsikret gjennom helårslisensen eller engangslisensen som du bruker under rittet.
Tillatelser	Rittet har innhentet nødvendige tillatelser hos: <ul style="list-style-type: none">• Grunneier (Kvam Herad)
Varsling	Rittet er varslet omgivelsene ved: <ul style="list-style-type: none">• Pressedekning• Sosiale medier• Oppslag
Regler	Rittet følger NCF sine lover og regler for gjennomføring av ritt. Sjefskommissær har det øverste ansvaret for gjennomføringen av konkurransen.
Sanitet	Sanitet vil vere til stades.
Sikkerhetsansvarlig	Bernt Kristiansen - 97008130
Prosedyre ved ulykker	Vakter skal rapportere alle hendelser til sikkerhetsansvarlig. Sikkerhetsansvarlig skal ha liste med kontaktnumre på utøver og pårørende. Det er utøverens plikt å oppgi dette til arrangør. Vakter rapporterer tiltak til sikkerhetsansvarlig. Sikkerhetsansvarlig varsler pårørende og andre instanser. Utøvere som er utsatt for uhell men som klarer seg på egenhånd, skal varsle om hendelsen til sikkerhetsansvarlig eller sekretariat. Dette av hensyn til lisensordningen og evt bruk av forsikring.

PS: Du kan følgja rittresultata live på <http://biketrial.no/live>

Vel møtt til NM og NC 3!